




Tussa sine
etiske
retningslinjer

Etiske retningslinjer for leverandører



Introduksjon

Tussa sine etiske retningslinjer for leverandører (heretter etiske retningslinjer) er godkjent av styret i Tussa Kraft 13. juni 2025, og er planlagt revidert innan 14. desember 2026. Dei etiske retningslinjene uttrykkjer forventningane og krava våre til alle samarbeidspartnarar, forretningspartnarar og leverandører, inkludert leverandøren sine tilsette, styremedlemer, innleigt personell og konsulentar som har oppdrag for ein leverandør til Tussa. Desse retningslinjene er utarbeidde for å tydeleg kommunisere standardane våre på dette området. Krava og standardane våre skal følgjast også hos ein leverandør sine eventuelle underleverandører i heile kontraktkjeda. Brot på Tussa sine etiske retningslinjer blir sett på som eit alvorleg forhold som kan føre til sanksjonar, mellom dei heving av kontrakten, erstatningskrav og melding til relevante styresmakter. Vi gjer særleg merksam på at forholdet etter sin art kan medføre avvising av leverandører i framtidige konkurransar.

Krav til leverandøren

Forhold til nasjonale lover og reglar

Leverandøren skal overhalde etiske retningslinjer, internasjonalt kjende konvensjonar og relevante nasjonale lover i heimlandet sitt, så vel som norske lover når leverandøren opererer i Noreg. Krava skildrar minimumsstandardar. I tilfelle der nasjonale lover og reguleringar eller internasjonalt kjende konvensjonar dekkjer same forhold som desse etiske retningslinjene, skal dei strengaste krava alltid gjelde.

I tillegg forventar vi at leverandøren aktivt arbeider for å nå FN sine berekraftsmål, og spesielt bidreg aktivt til reduksjon av utslepp av klimagassar.

Forholdet til underleverandører

Dersom leverandøren nyttar underleverandører, pliktar leverandøren å vidareføre desse etiske retningslinjene i kontraktkjeda. Leverandøren skal kunne dokumentere korleis dette vert ivareteke.

Oppfølging av etiske retningslinjer

Leverandøren er plikta til i eiga verksemd å etterleve dei krava som kjem fram av etiske retningslinjer. Tilsvarande er leverandøren plikta til å sikre at underleverandører som medverkar til oppfølging av kontrakten også følgjer etiske retningslinjer. Tussa kan krevje dokumentasjon på leverandøren si eiga etterleving, og oppfølging av underleverandørane sine etterlevingar, til dømes på følgjande måtar:

- a) sjølvmelding frå leverandør og/eller
- b) oppfølgingssamtalar og/eller
- c) eigen eller uavhengig tredjepart sin kontroll av arbeidsforholda der det går føre seg produksjon eller arbeid knytt til kontrakten.

Det skal setjast ein rimeleg frist for når ein skal leggje fram slik dokumentasjon. Leverandøren kan sjølv velje å dokumentere oppfølging av krava ved sertifisering av verksemda, godkjent av Tussa.

Tussa har rett til å gjennomføre melde eller umelde kontrollar der det går føre seg produksjon eller arbeid hos leverandør og/eller underleverandør. Ved kontroll pliktar leverandør å gi opp namn og kontaktopplysningar på underleverandørar. Kontaktopplysningar blir behandla konfidensielt.

Menneskerettar

Leverandøren skal respektere og sjå til at dei ikkje medverkar til krenking av internasjonalt kjende menneskerettar, og utføre verksemda si i tråd med den europeiske menneskerettskonvensjon (referanse III) og FN sine generelle prinsipp for menneskerettar (referanse IV).

Miljø og klima

Leverandøren skal halde relevante nasjonale og internasjonale miljøstandardar (referanse V). Leverandøren skal praktisere kontinuerleg forbetningsarbeid innan miljø og aktivt redusere miljørisiko og andre miljø- og klimautfordringar. I tillegg skal leverandøren fremje ein ansvarleg miljøpolitikk og bidra til utvikling og bruk av miljøvenleg teknologi, under dette minimere utsleppa sine og bidra til miljø- og klimasatsing med aktivitetane sine.

Miljøpåverknad skal reduserast

Negativ miljøpåverknad skal reduserast i heile verdikjeda. I tråd med føre var-prinsippet skal det gjennomførast tiltak for kontinuerleg å minimere utslepp av klimagassar og lokal forureining, bruk av skadelege kjemikaliar, sprøytemiddel og for å sikre berekraftig uttak av ressursar og forvaltning av vatn, hav, skog og land, og bevaring av biologisk mangfald.

Arbeid skal utførast i tråd med miljølovverk

Nasjonale og internasjonale miljølover og -reguleringar skal haldast og relevante løyver skal hentast inn og følgjast opp.

Forsvarleg bruk av naturressursar

Produksjonen, samt uttak av råvarer til produksjon, skal ikkje bidra til å øydeleggje ressurs- og inntektsgrunnlag, til dømes ved å leggje beslag på store landareal eller andre naturressursar for urfolk eller marginaliserte folkegrupper.

Arbeidsstandardar

Generelt

Leverandøren skal respektere og etterleve internasjonalt kjende prinsipp, standardar og rettar, under dette, ILO sine kjernekonvensjonar (referanse VI).

Organisasjonsfridom og retten til kollektive forhandlingar

Leverandøren skal respektere og etterleve retten til organisasjonsfridom, og leggje til rette for kollektive forhandlingar. Leverandøren skal sørgje for at arbeidstakarane og medlemmer av fagforeningar har høve til å utføre funksjonane sine på arbeidsplassen og sikre at desse ikkje vert diskriminerte.

I dei tilfella der organisasjonsfridom og kollektive lønsforhandlingar er avgrensa av nasjonale lover, skal leverandøren sikre at arbeidstakarane fritt kan velje sine egne representantar.

Tvangsarbeid

Leverandøren skal ikkje bruke noko form for tvang eller truslar i samband med tilsetjing eller i arbeidsforhold. Leverandøren skal vidare sikre at arbeidsforholdet med arbeidstakar er frivillig, og at alle arbeidstakarar står fritt til å avslutte arbeidsforholdet etter å ha meldt frå til

arbeidsgivar om dette. Arbeidstakar skal ikkje deponere pengar, identitetspapir eller liknande for å bli tilsett eller oppretthalde eit tilsetjingsforhold.

Barnearbeid

Barn som er under 15 år eller skulepliktige skal ikkje utføre arbeid, unntatt lett arbeid etter at barnet har fylt 13 år eller arbeid som ledd i barnet sin skulegang eller i praktisk yrkesorientering og barnet har fylt 14 år. Barn under 18 år skal ikkje utføre arbeid som kan vere til skade for barnet si helse, tryggleik, utvikling eller skulegang. Barn under 18 år skal ikkje utføre nattarbeid. Dersom det vert avdekt arbeid med barn som er under 15 år eller skulepliktige, skal det arbeidast for ei snarleg utfasing som sikrar barnet sin økonomiske situasjon gjennom høve til livsopphold og utdanning. Leverandøren skal vere spesielt varsam når det gjeld oppfølging av barnearbeid.

Diskriminering

Leverandøren skal fremje likestilling i tilsetjingsforhold og skal ha nulltoleranse for direkte og indirekte diskriminering basert på etnisk tilhøyr, religion, alder, uføre, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeiningsmedlemskap eller politisk tilhøyr, og hindre oppseiing på usakleg grunnlag.

Arbeidsforhold

Leverandøren skal sjå til at lovpålagde arbeidstidsreglar vert halde og at alle arbeidstakarane mottek skriftlege kontraktar som beskriv tilsetjingsforholdet på eit språk som arbeidstakar forstår. Leverandøren skal sjå til at det vert gitt godtgjersle som møter all relevant nasjonal lovmessig standard for minimumsløn. Løn, inkludert naudsynte tillegg, skal vere skriftleg avtalte og overførast gjennom bank til arbeidstakar til avtalt tid. Leverandøren skal respektere arbeidstakar sitt behov for restitusjon og sikre at alle arbeidstakarane har rett til tilfredsstillande ferie med løn. Som hovudregel skal det nyttast fast tilsetjing ved utføring av kontraktarbeid for Tussa.

Helse, arbeidsmiljø og sikkerheit

Leverandøren skal sikre at alle arbeidstakarar har eit sunt og sikkert arbeidsmiljø i samsvar med internasjonalt kjende standardar og nasjonale lover. Leverandøren skal kontrollere yrkesrisiko og etablere tiltak for å hindre ulykker og yrkesmessige sjukdomar og teikne alle lovpålagde forsikringar. Leverandøren skal gi tilbod om regelmessig opplæring for å sikre at arbeidstakar har tilfredsstillande kompetanse knytt til helse- og sikkerheitsspørsmål. Arbeidstakar skal, om det er trong for det, bli utstyrt med hensiktsmessig personleg tryggleiksutstyr og få opplæring i bruken av det.

Når det vert gitt tilbod om losji skal leverandøren sikre tilfredsstillande butilhøve som møter grunnleggjande behov hos arbeidstakar og om aktuelt, arbeidstakar sin familie. Leverandøren skal forby, og nekte å tolerere, all form for seksuelt påtrengande, trugande, fornærmande eller utnyttande åtferd.

Varsling av kritikkverdige forhold

Leverandøren pliktar å ha rutinar for varsling av kritikkverdige tilhøve knytt til gjennomføring av kontrakten og at desse er tilgjengelege og kjende. Varslingsrutinane skal kunne nyttast av leverandøren sine arbeidstakarar inkludert innleigde hos leverandøren og eventuelle underleverandørar. Leverandøren skal også orientere alle arbeidstakarar, inkludert innleigde hos leverandøren og eventuelle underleverandørar om Tussa sin varslingskanal og kontakthinformasjon slik det er forklart på www.tussa.no. Arbeidstakarar og andre som varslar om brot på lover og/eller etiske retningslinjer skal vernast mot gjengjelding.

Ulovlege forretningsmetodar

Korrupsjon, bestikkingar, utpressing og andre ulovlege forretningsmetodar

Leverandøren skal avstå frå alle former ulovleg forretningsverksemd. Leverandøren skal ikkje tilby, etterspørje, få eller gi nokon form for utilbørleg fordel til offentlege tenestemenn, internasjonale organisasjonar eller andre tredjepartar i den hensikt å skaffe personlege eller forretningsmessige fordelar. Dette gjeld uansett om fordelan blir tilbydt direkte eller indirekte gjennom ein mellommann.

Gåver, traktering og høflegheitsgestar

Leverandøren skal ikkje, direkte eller indirekte, tilby eller gi gåver, medrekna pengegåver, representasjon eller utgiftsdekning til Tussa sine tilsette, representantar for Tussa, eller nokon nært relaterte til desse, med mindre gåva er av beskjednen verdi. Høflegheitsgestar som sosiale hendingar, traktering eller underhaldning kan ein tilby om det er eit forretningsmessig aspekt involvert og kostnaden vert halden på eit lågt nivå. Utgifter til reise og opphald for Tussa sine representantar skal betalast av Tussa. Gåver, traktering eller andre høflegheitsgestar skal ein aldri verte tilbydt eller gitt i samband med innkjøpsprosessar og kontraktsforhandlingar.

Kvitvasking

Leverandøren skal ta avstand frå alle former for kvitvasking og etablere tiltak for å unngå at verksemda sine finansielle transaksjonar vert brukte til kvitvasking.

Rettferdig konkurranse

Leverandøren skal ikkje vere årsak til eller del av nokon form for avtale, aktivitet eller ordning som har som føremål eller verknad å hindre, innskrenke eller vri konkurransen, som til dømes ulovleg samarbeid om pris, ulovleg marknadssamarbeid eller annan åtferd som medfører brot på konkurranselover.

Interessekonflikt

Leverandøren skal gjere Tussa merksam på forhold som kan skape problem for leverandøren si sjølvstende, eller som kan skape interessekonflikt ved gjennomføring av oppdraget.

Varsling ved brot på etiske retningslinjer

Begge partar pliktar å varsle den andre part om brot eller kvalifisert mistanke om brot på etiske retningslinjer. Varslingsplikta gjeld både forhold i leverandøren sin eigen organisasjon og forhold hos underleverandørar i heile kontraktkjeda. Leverandøren skal gi Tussa all informasjon og dokumentasjon som vi ser som naudsynt for at Tussa skal kunne kontrollere at leverandøren rettar forholdet. Ved eventuell usemje om kva som er naudsynt, kan Tussa instruere leverandøren. Dersom informasjonen er av særleg sensitiv karakter er det tilstrekkeleg at leverandøren gir informasjonen og dokumentasjonen til Tussa sin berekraftsansvarleg eller personvernombod.

Sanksjonar

Kontraktsbrot

Brot på etiske retningslinjer utgjør eit kontraktsbrot som kan medføre sanksjonar.

Sanksjonar ved brot på etiske retningslinjer

Leverandøren pliktar for eiga rekning å rette brot på etiske retningslinjer og/eller påleggje underleverandør å gjere slik retting, innan ein frist fastsett av Tussa. Fristen skal vere rimeleg sett i forhold til brotet sin art og naudsynt tid for gjennomføring av retting.

Leverandøren pliktar å dokumentere skriftleg at retting er utført. Retting av brotet vert sett på som utført når det kan leggjast fram dokumentasjon. Dersom brot på etiske retningslinjer ikkje er retta innan 30 dagar etter fastsett frist for retting, kan Tussa krevje dagmulkt. Mulkta skal utgjere 0,1 prosent av kontraktssum per kvardag, men likevel ikkje mindre enn NOK 5 000,- per kvardag fram til det er dokumentert at rettinga er utført. Maksimal dagmulkt etter denne avgjersla er avgrensa til 5 % av kontraktsummen. Ved brot kan Tussa også påleggje leverandøren å stanse alle leveransar og arbeid. Leverandøren sine kostnader som slik stans fører med seg, og Tussa sitt direkte økonomiske tap, dekkjast av leverandøren. Medfører stans som følgje av brot på etiske retningslinjer forseinkingar, gjeld kontrakten sine alminnelege vedtak om leverandøren si forseinking. Ved vesentleg brot på etiske retningslinjer, kan Tussa heve kontrakten omgåande. Gjentakande brot på etiske retningslinjer vil alltid kunne bli sett på som vesentleg kontraktsbrot. Det same gjeld dersom leverandøren unnlèt å rette. Tussa kan krevje erstatning for det direkte økonomiske tapet som følgje av eit slik kontraktsbrot, under dette som følgje av hevinga. Dersom brot på etiske retningslinjer har oppstått hos ein underleverandør, og dette utgjer eit vesentleg kontraktsbrot eller underleverandøren unnlèt å rette, kan Tussa krevje at leverandøren byter underleverandør på eiga rekning og risiko.

Referansar

- I) Oljefondet si liste for utestenging av selskap
<https://www.nbim.no/no/oljefondet/ansvarlig-forvaltning/utelukkelse-av-selskaper/>
- II) Verdensbanken si liste for utestenging av selskap
<https://www.worldbank.org/en/projects-operations/procurement/debarred-firms>
- III) Den europeiske menneskerettskonvensjon av 4. november 1950 (EMK)
- IV) FN sine menneskerettar; The universal declaration of human rights (1948), the International Covenant on Civil and Political Rights (1966) and its two Optional Protocols, and the International Covenant on Economic, Social and Cultural Rights (1966).
- V) V) ISO 14000 serien og tilsvarende
- VI) VI) ILO sine kjernekonvensjonar: Freedom of Association and Protection of the Right to Organise Convention, 1948 (No.87); Right to Organise and Collective Bargaining Convention, 1949 (No. 98); Forced Labour Convention, 1930 (No. 29); Abolition of Forced Labour Convention, 1957 (No. 105); Minimum Age Convention, 1973 (No. 138); Worst Forms of Child Labour Convention, 1999 (No. 182); Equal Remuneration Convention, 1951 (No. 100); Discrimination (Employment And Occupation) Convention, 1958 (No. 111).

Dato:

Signatur leverandør